

Ny fylkesdelplan for museum

Spørjeundersøking

AUD- rapport nr. 6-09
Mai 2009



Innleiing:

Arbeidslaget Analyse Utgreiing og dokumentasjon har på oppdrag for, og i samarbeid med Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, gjennomført ei undersøking blant dei konsoliderte musea i fylket og kulturkontaktane i kommunane.

Bakgrunnen for undersøkingane er at Kultur- og idrettsavdelinga har sett i gang arbeidet med ein ny fylkesdelplan for museum i Hordaland. I samband med dette arbeidet var det behov for å samla inn informasjon om mellom anna korleis musea og kommunane har nytta og oppfattar den føregåande museumsplanen og få innspel til arbeidet med den nye planen.

Metode:*Museumsundersøkinga:*

Det vart sendt ut eit elektronisk spørjeskjema til alle dei 9 konsoliderte musea i fylket. Alle har svart på undersøkinga. Det gjev ein svarprosent på 100 %.

Kommuneundersøkinga:

Det vart sendt ut eit elektronisk spørjeskjema til kvar av dei 33 kommunane i fylket. Til saman mottok vi svar frå 20 kommunar. Det gjev ein svarprosent på 61 %.

Museumsundersøkinga:

Spørjeskjema vart mellom anna lagt opp etter delmåla i den inneverande fylkesdelplanen for museum. Spørsmåla i undersøkinga er ei blanding av spørsmål med bundne svaralternativ (lukka spørsmål) og fritekst (opne spørsmål). I det følgjande vert dei lukka spørsmåla kommentert, og der det er føremålsteleg vert dei opne svare og trekt inn. Dei opne svara er elles gjengjeve i sin heilskap i vedlegg.

Delmål 1. Ny museumsstruktur

Musea har langt på veg funne si form etter konsolideringa. 7 av 9 museum har svara på dette spørsmålet og av desse svarar 6 at dei har funne forma i ganske stor grad.

I kva grad har organiseringa av ditt museum funne si form etter konsolideringa?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	14,3 %	1
2 Ganske stor grad	85,7 %	6
3 Middels grad	0,0 %	0
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		7

Sjølv om musea i Hordaland i løpet av dei siste åra har vore gjennom store strukturelle endringar, meiner fleirtalet av musea, 5 av 9, at det er behov for nye grep frå fylkeskommunen si side når det gjeld museumsstrukturen i fylket. I kommentarane til dette spørsmålet vert behovet for fellestenester/kompetanse ein ikkje har i eigen organisasjon, trekt frem av fleire.

Ser museet behov for nye grep frå fylkeskommunen si side når det gjeld museumsstrukturen i Hordaland?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	55,6 %	5
2 Nei	33,3 %	3
3 Ikkje sikker	11,1 %	1
Total		9

Delmål 2. Musea som frie samfunnsaktørar

Samtidsdokumentasjon har i stor grad vore ei satsing for musea i inneverande planperioden. Til saman 8 av 9 museum seier at samtidsdokumentasjon har vore ei vesentlig satsing for museet i svært stor eller ganske stor grad.

Museumsplanen 2003-2008 ber om at ein prioriterer samtidsdokumentasjon. I kva grad har dette vore ei vesentleg satsing for museet i planperioden?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	22,2 %	2
2 Ganske stor grad	66,7 %	6
3 Middels grad	11,1 %	1
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Denne satsinga vert vurdert som vellukka av musea sjølve. 7 av 9 museum seier at satsinga på samtidsdokumentasjon har vore vellukka i svært eller ganske stor grad.

I kva grad har satsinga på samtidsdokumentasjon vore vellukka?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	22,2 %	2
2 Ganske stor grad	55,6 %	5
3 Middels grad	22,2 %	2
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Musea vart spurde om dei har utarbeidd planar for dokumentasjon og formidling av det fleirkulturelle. 7 av 9 museum har ikkje utarbeidd slike planar.

Har museet utarbeidd planar for dokumentasjon og formidling av og til det fleirkulturelle?

Alternatives	Percent	Value
1 Ja	22,2 %	2
2 Nei	77,8 %	7
3 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Dei musea som har planar for dokumentasjon og formidling av det fleirkulturelle vart spurde om i kva grad desse har blitt gjennomført. Her er det eitt museum som har gjennomført planane i svært stor grad, medan det andre har gjennomført planane i middels grad.

I kva grad har desse blitt gjennomførte?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	50,0 %	1
2 Ganske stor grad	0,0 %	0
3 Middels grad	50,0 %	1
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		2

Musea meiner langt på veg at dei har styrka si rolle i kulturminnevernet i planperioden. 6 av 8 museum seier at museet si rolle i dette arbeidet har blitt styrkt i svært eller ganske stor grad.

I kva grad har museet si rolle i kulturminnevernet blitt styrkt i planperioden (2003-2008)?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	25,0 %	2
2 Ganske stor grad	50,0 %	4
3 Middels grad	25,0 %	2
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		8

4 av 9 museum, svarar at museet gjennom sitt arbeid/formidling har sett saker på dagsorden i middels grad. Til saman er det 5 av 9 museum som seier at dei har sett saker på dagsorden i svært eller ganske stor grad. Musea har gjeve døme på saker som dei har sett på dagsorden (sjå vedlegg) Variasjonen i kva desse sakene omhandlar, er stor.

I kva grad har museet gjennom sitt arbeid/formidling sett saker på dagsordenen i sine omgjevnader?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	33,3 %	3
2 Ganske stor grad	22,2 %	2
3 Middels grad	44,4 %	4
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

I kva grad musea vert kontakta til dømes av media, for å koma med faglege kommentarar eller innspel i samfunnsdebatten varierer mykje. Den største delen, 4 av 9, seier at dei har vorte kontakta i middels grad . 3 av 9 museum har vorte kontakta i svært eller ganske stor grad, medan 2 museum har vorte kontakta i svært eller ganske liten grad.

I kva grad vert museet kontakta, til dømes av media, for å koma med faglege kommentarar/innspel i samfunnsdebatten?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	11,1 %	1
2 Ganske stor grad	22,2 %	2
3 Middels grad	44,4 %	4
4 Ganske liten grad	11,1 %	1
5 Svært liten grad	11,1 %	1
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Delmål 3. Musea som samfunnsminne

Den største delen av musea har utvida bruken av IKT i formidlinga i planperioden. Til saman 6 av 9 museum seier at dei har utvida bruken i svært eller ganske stor grad.

I kva grad har museet utvida bruken av IKT i formidlinga i planperioden?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	11,1 %	1
2 Ganske stor grad	55,6 %	5
3 Middels grad	11,1 %	1
4 Ganske liten grad	22,2 %	2
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Den største delen av musea, 4 av 9, oppgjev at samlingane har totalt sett vorte meir tilgjengeleg for publikum i løpet at dei siste fem åra, i svært eller ganske stor grad. Men det er også 3 av musea som seier at samlingane har vorte meir tilgjengleg i svært eller ganske liten grad.

I kva grad er samlingane totalt sett meir tilgjengelege for publikum i dag enn då planperioden starta (2003)?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	11,1 %	1
2 Ganske stor grad	33,3 %	3
3 Middels grad	22,2 %	2
4 Ganske liten grad	11,1 %	1
5 Svært liten grad	22,2 %	2
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

5 av 9 museum har ikkje utarbeidd nokon plan for det framtidige innsamlingsarbeidet, medan 4 museum har slike planar. I dei opne svara er det imidlertid 3 av dei musea som ikkje har ein plan for det framtidige innsamlingsarbeidet, som seier at slike planar er under utarbeiding.

Har museet utarbeidd nokon plan for det framtidige innsamlingsarbeidet?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	44,4 %	4
2 Nei	55,6 %	5
3 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Delmål 4. Musea som møtestad

5 av 9 museum har dei siste fem åra fått eit auka kultursamarbeid med lokalsamfunnet i svært eller ganske stor grad, medan dei 4 siste svarar at dei har fått auka kontakt med lokalsamfunnet utanfor museet i middels grad.

I kva grad har museet dei siste fem åra fått eit auka kultursamarbeid med lokalsamfunnet utanfor museet?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	22,2 %	2
2 Ganske stor grad	33,3 %	3
3 Middels grad	44,4 %	4
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Heile 7 av 9 museum har gjort endringar i opningstidene dei siste 5 åra. Dei opne svara syner at dei fleste av dei som har endra opningstidene i perioden, har utvida opningstidene.

Har museet gjort endringar i opningstidene dei 5 siste åra?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	77,8 %	7
2 Nei	22,2 %	2
3 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Andre tema

Museumsplanen 2003-2008 hadde følgjande overordna mål:

"Musea skal produsera og formidla kunnskap om menneskeleg liv og verksemd i Hordaland og medverka til refleksjon om fortid, samtid og framtid. For å kunna fylla rolla som kulturberarar og kulturformidlarar må musea styrkjast administrativt og fagleg"

Musea vart i undersøkinga spurde om i kva grad dette er eit relevant hovudmål for deira museum. Heile 7 av 9 museum meiner at dette i svært stor grad er eit relevant hovudmål for dei.

I kva grad er dette eit relevant hovudmål for ditt museum?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	77,8 %	7
2 Ganske stor grad	11,1 %	1
3 Middels grad	11,1 %	1
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Ingen av musea meiner at dei har vorte styrkt administrativt i planperioden i svært stor grad. Den største delen, 4 av 9, seier at dei har vorte styrkt i ganske stor grad, men det er også 3 museum som svarar i middels grad på dette spørsmålet, og 2 museum som svarar i liten grad.

I kva grad meiner du at museet er styrkt administrativt i planperioden?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	0,0 %	0
2 Ganske stor grad	44,4 %	4
3 Middels grad	33,3 %	3
4 Ganske liten grad	11,1 %	1
5 Svært liten grad	11,1 %	1
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Det er heller ingen museum som meiner at dei har vorte fagleg styrkt i svært stor grad i denne perioden. Her svarar den største delen, 6 av 9, at dei har vorte fagleg styrkt i middels grad.

I kva grad meiner du at museet er styrkt fagleg i planperioden?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	0,0 %	0
2 Ganske stor grad	22,2 %	2
3 Middels grad	66,7 %	6
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	11,1 %	1
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

6 av 9 museum oppgjev at museumsplanen har vore ein styringsreiskap i svært eller ganske stor grad. 2 museum svarar at den planen har vore eit styringsreiskap for dei i svært liten grad.

I kva grad har museumsplanen vore ein styringsreiskap for museet?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	11,1 %	1
2 Ganske stor grad	55,6 %	5
3 Middels grad	11,1 %	1
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	22,2 %	2
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Om ein tek vekk den delen av planen som har med struktur/konsolidering å gjere, endrar biletet seg noko. 4 museum svarar då at planen har vore ein styringsreiskap i ganske stor grad, 3 svarar i middels grad, medan det framleis er 2 museum som svarar i svært liten grad.

I kva grad har museumsplanen vore ein styringsreiskap for museet om ein ser bort frå den delen som har med struktur/konsolidering å gjera?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	0,0 %	0
2 Ganske stor grad	44,4 %	4
3 Middels grad	33,3 %	3
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	22,2 %	2
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Musea vart bedne om å vurdere kor viktig Hordaland fylkeskommune og staten er som premissleverandørar for museet. Dei vurderer staten til å vere ein viktigare premissleverandør enn det fylkeskommunen er. På ein skala frå 1 til 10, der 1 er svært lite viktig og 10 er svært viktig, gje musea fylkeskommunen eit snitt på 6,1, medan staten skårar 8,0 i snitt.

Kor viktig er Hordaland fylkeskommune som premissleverandør for museet?

Alternatives	Prosent	Tal
1 1 - Svært lite viktig	11,1 %	1
2 2	0,0 %	0
3 3	11,1 %	1
4 4	0,0 %	0
5 5	11,1 %	1
6 6	22,2 %	2
7 7	11,1 %	1
8 8	11,1 %	1
9 9	11,1 %	1
10 10 - Svært viktig	11,1 %	1
-1 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Kor viktig er staten som premissleverandør for museet? På ein skala frå 1 til 10, der 1 er svært lite viktig og 10 er svært viktig:

Alternatives	Prosent	Tal
1 1 - Svært lite viktig	0,0 %	0
2 2	0,0 %	0
3 3	0,0 %	0
4 4	0,0 %	0
5 5	11,1 %	1
6 6	11,1 %	1
7 7	11,1 %	1
8 8	33,3 %	3
9 9	0,0 %	0
10 10 - Svært viktig	33,3 %	3
-1 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Musea meiner at det er eit stort behov for ei tydelegare avklaring av rollene til staten og fylkeskommunen i forhold til musea. 5 av 9 museum seier at det er behov for ei slik avklaring i svært eller ganske stor grad.

I kva grad ser museet eit behov for ei tydelegare avklaring av rollene til staten og fylkeskommunen i forhold til musea?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	33,3 %	3
2 Ganske stor grad	22,2 %	2
3 Middels grad	33,3 %	3
4 Ganske liten grad	11,1 %	1
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

I dag søker musea om finansiering frå tre forvaltningsnivå, og dei vart i undersøkinga spurde om i kva

grad dei synest dette fungerer. Svara er spreidde, men til saman 6 av 9 museum svarar at dette fungerer i svært eller ganske stor grad, medan til saman 2 av 9 meiner at dette fungerer i svært liten grad.

I kva grad fungerer det godt for museet med søknad om finansiering hjå tre forvaltingsorgan?

Alternatives	Percent	Value
1 Svært stor grad	11,1 %	1
2 Ganske stor grad	55,6 %	5
3 Middels grad	11,1 %	1
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	22,2 %	2
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		9

Ved Museumssenteret i Hordaland driv dei i dag gjenstandsbevaring som fellesteneste for musea i Hordaland. Musea vart spurde om det er behov for fellestenester på andre område. Dei områda som flest museum ser behov for fellestenester innan, er IKT og marknadsføring.

5 av 8 museum meiner at det er behov for fellestenester innan IKT, 3 av 8 meiner at det er behov for fellestenester innan formidling, 6 av 9 meiner at det er behov for fellestenester innan marknadsføring og 3 av 7 meiner det er behov for fellestenester innan andre områder.

Er det etter di meining behov for fellestenester på andre område? - IKT

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	62,5 %	5
2 Nei	25,0 %	2
3 Ikkje sikker	12,5 %	1
Total		8

Er det etter di meining behov for fellestenester på andre område? - Formidling

Alternatives	Percent	Value
1 Ja	37,5 %	3
2 Nei	50,0 %	4
3 Ikkje sikker	12,5 %	1
Total		8

Er det etter di meining behov for fellestenester på andre område? - Marknadsføring

Alternatives	Percent	Value
1 Ja	66,7 %	6
2 Nei	11,1 %	1
3 Ikkje sikker	22,2 %	2
Total		9

Er det etter di meining behov for fellestenester på andre område? - Anna

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	42,9 %	3
2 Nei	14,3 %	1
3 Ikkje sikker	42,9 %	3
Total		7

Kommuneundersøkinga

Også i kommuneundersøkinga er det lagt opp til fleire fritekstspørsmål. Desse er gjengjeve i vedlegg og vert referert i rapporten der det er relevant .

Fylkesdelplanen for museum er ikkje veldig godt kjent i kommunane. Den største delen, 7 av 20, seier at dei kjenner til den i middels grad, medan til saman 8 av 20 seier at dei kjenner den i ganske eller svært liten grad.

I kva grad kjenner du til fylkesdelplan for museum 2003-2008?

Alternatives	Prosent	
1 Svært stor grad	5,0 %	1
2 Ganske stor grad	20,0 %	4
3 Middels grad	35,0 %	7
4 Ganske liten grad	30,0 %	6
5 Svært liten grad	10,0 %	2
6 Ikkje sikker	0,0 %	0
Total		20

Den største delen av kommunane, 9 av 20 oppgjev at planen ikkje vert brukt i samband med kommunen sitt museumsarbeid. Dei som svara nei på dette spørsmålet vart spurde om kva som er den viktigaste årsaka til dette. Svara her varierer, men noko som går igjen er at kommunen driv lite med museumsarbeid, eller at dei har små/private museum som ikkje vert dekkja av planen.

Blir planen brukt i samband med kommunen sitt museumsarbeid?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	40,0 %	8
2 Nei	45,0 %	9
3 Ikkje sikker	15,0 %	3
Total		20

Kommunane vart i eit ope spørsmål spurde om kva som skal til for at den neste museumsplanen på best mogleg måte kan verta eit nyttig styringsverktøy for deira kommune. Her er det fleire kommunar som trekk fram at planen må vere klar og konkret. I tillegg er det også fleire som påpeiker at den bør seie noko om dei lokale musea.

Museumsplanen 2003-2008 hadde følgjande overordna mål:

"Musea skal produsera og formidla kunnskap om menneskeleg liv og verksemd i Hordaland og medverka til refleksjon om fortid, samtid og framtid. For å kunna fylla rolla som kulturberarar og kulturformidlarar må musea styrkjast administrativt og fagleg"

Musea vart i undersøkinga spurde om i kva grad dette er eit relevant hovudmål for deira museum. 12 av 20 kommunar seier at dette er eit relevant hovudmål for musea i deira kommune i svært eller ganske stor grad.

I kva grad ser du dette som eit relevant hovudmål for museum i din kommune?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	30,0 %	6
2 Ganske stor grad	30,0 %	6
3 Middels grad	25,0 %	5
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	5,0 %	1
6 Ikkje sikker	10,0 %	2
Total		20

Fleirtalet av kommunane, 8 av 19, ser ikkje behov for nye grep frå fylkeskommunen når det gjeld museumsstrukturen i Hordaland. Det er også ein stor del, 8 av 19 som svarar 'ikkje sikker' på dette spørsmålet. Dette kan tenkjast å hengje saman med at kjennskapen til den føregåande planen, og dermed også omstruktureringa, er relativt låg.

Ser du behov for nye grep frå fylkeskommunen si side når det gjeld museumsstrukturen i Hordaland?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Ja	15,8 %	3
2 Nei	42,1 %	8
3 Ikkje sikker	42,1 %	8
Total		19

På spørsmål om i kva grad musea dei siste fem åra har fått eit auka kultursamarbeid med lokalsamfunnet, svarar den største delen av kommunane, 7 av 20, at dette er noko som har funne stad i middels grad. Det er 5 kommunar som svarar at musea har fått eit auka kultursamarbeid med lokalsamfunnet i svært eller ganske liten grad, medan 5 av 20 seier kontakten har auka i svært eller ganske stor grad.

I kva grad har museum i kommunen dei siste fem åra fått eit auka kultursamarbeid med lokalsamfunnet utanfor museet?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	5,0 %	1
2 Ganske stor grad	20,0 %	4
3 Middels grad	35,0 %	7
4 Ganske liten grad	15,0 %	3
5 Svært liten grad	10,0 %	2
6 Ikkje sikker	15,0 %	3
Total		20

I likskap med musea meiner også kommunane at det er eit behov for ei tydelegare rolleavklaring på dette feltet. 11 av 19 kommunar meiner at det er behov for ei rolleavklaring i svært eller ganske stor grad, medan 6 svarar i middels grad.

I kva grad ser du eit behov for ei tydelegare avklaring av rollene til staten, fylkeskommunen og kommunane i forhold til musea?

Alternatives	Prosent	Tal
1 Svært stor grad	15,8 %	3
2 Ganske stor grad	42,1 %	8
3 Middels grad	31,6 %	6
4 Ganske liten grad	0,0 %	0
5 Svært liten grad	0,0 %	0
6 Ikkje sikker	10,5 %	2
Total		19

Vedlegg:

Opne spørsmål – museum:

Andre eventuelle kommentarar til temaet: (I kva grad har organiseringa av ditt museum funne si form etter konsolideringa)

Manglar stillingar og andre driftsmidlar for å gå frå prosjektbaserte stillingar innan formidling og arkiv
Man har fortsatt ikke funne sin endelige form i forhold til skillet mellom eierstiftelsene og driftstiftelse.
Vi ynskjer å bli kvitt nemninga "Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag" for eigaren av bygningane/samlingane. Dette "laget" er liksom ein av våre konsoliderte einingar, ilag med Stord Maritime Museum, men det gir ikkje meining, fordi SFMS har inga drift eller budsjett, dei har eit råd som fører tilsyn med korleis SUNnhordland Museum forvaltar deira eigedomar. Korleis kan SM få overta eigedomane, slik at vi ikkje har eit eige eigarstyre for SMFMS? Årsmøta blir rotete fordi dei delvis blir leiar av rådsleiar, formann i SFMS og styreleiar for SM, namna går heilt i surr, og folk misser oversikt om dei er valde inn i styret for SFMS eller for SM, eller inn i rådet som skal føre tilsyn.

Andre eventuelle kommentarar til temaet?: (Ser museet behov for nye grep frå fylkeskommunen si side når det gjeld museumsstrukturen i Hordaland)

Sikre dei musea som valgte å stå åleine betre økonomi.
Behov for nye grep frå Hordaland fylkeskommune for å få løfta temaet industri som er underrepresentert i norsk museumsvesen meir inn i statlege ordningar
Fleire fellestener for å kunna rasjonalisere drift t.d. på IKT, foto, arkiv, magasin m.m.
Fleire nav-funksjonar ved dei konsoliderte eiingane, t.d. for å kunna utnytte spesialkompetanse ved ei eining til fordel for alle. Ved å tilføre ekstra midlar/ressursar til einskilde einingar vil alle kunna dra nytte av kompetansen.
Vi ynskjer tilgang til kompetanse som ikkje blir dekkja av vår eigen stab, særleg utstillingsarkitekt.

Kan du gje eksempel på satsingar på samtidsdokumentasjon ved museet?

Arbeidet for vern av kulturmiljøet baroniet rosendal.
dokumentasjon av planter, trær og vekster.
Dokumentasjon av arbeidsliv og industrihistorie gjennom intervju, foto og registreringar. Eks: Tysso 2, Glomfjord og Odda smelteverk.
Og ved at museets historikar har deltatt aktivt i nasjonalt museumsnettverk om samtid. Her er tema heimfall for vårt museum.
Historikar har bidradd til forskning, foredrag, utstilling og kapittel i bok om samtid som blir gitt ut april 2009.
Det er mange døme på dette m.a.: arbeid med samtidsdokumentasjon er nedfelt i plan for samlingsforvaltning.
Det er arbeid med organisasjonslivet på Osterøy jfr. rapporten "Dokumentasjon og formidling av organisasjonslivet på Osterøy - eit interaktivt samarbeid"
MiH, OM 2008. Fotodokumentasjon av eigne arrangement pluss ting som skjer i samtida utanfor musset, fotodok. av sjukeheim (liv og helse), handverk og småindustri (utstilling), dokumentasjon av bøting, stopping og oppattstriking av sokker på handarbeidstreff, dokumentasjon av veving på oppstadgogn med tradisjonsberarar, fenomenen i dag t.d. kvardagsspor i landskapet, KIN(kulturverntenesta i Nordhordland) har dokumentert pågåande prosjekt o.a. i Nordhordland. Det er eit mål å integrere samdok i det daglege arbeidet.
Dokumentasjon av betydningen av Hardangerbrua.
Ladskap i endring, undervisningsopplegg.
Dette skjer spesielt i sammenheng med utstillingsprosjekter, der Bymuseet har vært svært aktive på å bruke utstillingsrommene til å sette søkelys på aktuelle problemstillinger - som kampen mot landminner, miljøutfordringer, utvalgssamfunnet, spørsmål rundt rekonstruksjon av fortiden etc.
Innsamling av foto og arkivmateriale og aktiv deltakelse i BRUDD prosjekter
Konservator klypper kvar dag ut artiklar frå 9 ulike lokalaviser om ulike fagfelt, og arkiverer dei i permar med arkivkort. Dette har han gjort i 30 år, i alt 1600 artiklar er arkiverte. Arkivkorta er han no i ferd med å føre inn digitalt i Primus. Målet er at publikum skal kunne søkje på namn, stader, emne, årstal, etc. og finne fram til avisartiklar. Vi driv også aktiv innsamling av barneleiker frå dei siste 50 åra. I Kulturminneåret har museet engasjert seg i prosjektet "Kulturminne på vandring, og elevar på ungdomsskulen har dokumentert og skrivt om sin familie sine særskilde kulturminne. Desse registrerer så vi på museet. I mangfaldsåret intervjuar vi mange nye innflyttarar med ikkje-norsk bakgrunn, og deira forteljingar utgjør viktig I samtidsdokumentasjon. På planen har vi fleire namn på eldre informantar som vi vil intervjuer, og deretter skrivt ned deira livsforteljingar, kanskje som artiklar i SUNnhordland Årbok. Vi har og planar om ei eiga, illustrert barnebok med forteljingar frå barndom i Sunnhordland for 50 år sidan, etter ide frå jubileumsboka for Rasmus Løland, "Gutar",

som vart gitt ut i fjor.

Andre eventuelle kommentarar til temaet: (I kva grad har satsinga på samtidsdokumentasjon vore vellukka)

Ynskjeleg å gjenta samtidsdokumentasjonsprosjekt med jamnlege mellomrom. Dette har det ikkje vore rom for i budsjettet.

Tidlegare har vi følgt 10 familiar i ein arbeidarbydel i arbeid, fritid, skule og heim. Gjennom foto og intervju. Barn har dokumentert rommet sitt og lært om barndom i tidlegare tider på heimstaden. Dei fekk fotografera og arkivera bilete og tekst på museet.

Dette var særst vellukka for deltakarane. både elevane, skulen og museet. Samt at vi fekk samla eit interessant materiale.

Det er ynskjeleg å filma "nøkkelinformantar" om livet deira, informantar frå ulike deler av lokalsamfunnet. Eg vil sei at når vi klarer å få dette til å bli ein naturleg del av det daglege arbeidet kan vi sei det er svært vellukka men det er ei stund til vi er der. Det interaktive prosjektet om og med organisasjonlivet på Osterøy var svært vellukka særleg på grunn av den positive haldninga til lag og organisasjonar hadde til prosjektet. Det gjekk over 3 år 2005 -2008. Utan støtte frå Norsk Kulturråd og innsats frå MiH og Fylkesarkivet i Hordaland hadde det ikkje vore mogeleg å gjennomføre prosjektet.

Spørsmålet slik det er formulert passer på kulturhistoriske museer, ikke kunstmuseer. Kunstmuseer har alltid arbeid med

samtidsuttrykk/innsamling. Ikke nytt. Er alltid prioritert. For komponisthjemmene er spørsmålet ikke relevant.

Den har vore berre middels vellukka, fordi vi ikkje har funne ein god måte å nå ut til publikum med informasjon om "kjelda" vi sit på, og fordi materialet enno ikkje er søkbart. Får vi det til, kan det bli svært vellukka.

Våre aktiviteter på området har vekket diskusjon, forargelse og begeistring, og har trukket ny publikumsgrupper til museene. Vi har imidlertid ikke kommet langt nok i en strategisk innsamlingsplan for samtidsmateriale.

Den har vore berre middels vellukka, fordi vi ikkje har funne ein god måte å nå ut til publikum med informasjon om "kjelda" vi sit på, og fordi materialet enno ikkje er søkbart. Får vi det til, kan det bli svært vellukka.

Korleis vurderer du resultatata av arbeidet med planar for dokumentasjon og formidling av og til det fleirkulturelle så langt?

Museet har gjennomført arrangement i "Mangfaldsåret 2008" der vi involverte vidaregåande skule, barn, tilflyttarar gjennom Vaksenopplæringa og eit program som handla om å vera utlending i Norge. Det gav meirsmak og kjekt å arbeida med tilflyttarar.

Som fast ordning besøker bebuarar ved Asylmottaket i nabokommunen museet for å læra om historien her.

Museet har i ei årrekke tatt imot grupper med utanlandske studentar som gjennom biletspel, omvising og orienteringar/dialogmøte/bedriftsbesøk får eit meir mangfaldig bilete av norsk moderne historie frå jordbruk til idag. Mange har uttrykt at det gir håp for utvikling og at dei lærer om Norge utanfor byane og at det har tatt tid her i landet også. Interessant med tanke på utviklingstudier å ha dette samarbeidet med universitet/høgskule og det kunne blitt utvikla vidare. Men det har vi ikkje ressursar til idag.

Dette er ikkje nedfelt i eigne planar men er ein del av arbeidet med dokumentasjon og formidling.

Mangfaldsåret gav større fokus på tema og vi arrangerte m.a. internasjonal kvinnekafé på Trikotasjemuseet.

Svaret "nei" på det forrige spørsmålet er git med forbehold. Kunstmuseer og kunstscener i dag er internasjonal/fleirkulturell og formidling av det fleirkulturelle er dermed naturleg. Kunstmuseene har likevel satt opp som satsningsområde østasiatisk kunst på grunn av de sentrale samling ved Permanenten Vestlandske kunstindustrimuseum

Vi treng å utarbeide meir konkrete planar for det vidare arbeidet framover. Den dokumentasjonen vi samla inn gjennom intervju og dei framandspråklege sine personlege og kulturelle forteljingar i 2008, er svært gode, men vi treng fleire, og frå dei andre kommunane i Sunnhordland utanom Stord. Formidling til det fleirkulturelle miljøet har vore svært vellukka, med forteljeøkter på engelsk/enkel norsk/mime, og gjennom formidling av DEIRA forteljingar, omsette og bearbeidde til norsk. Vi har også henta og bringa bebuarar på asylmottaket til Open dag for deltaking i aktivitetar her på tunet, og dei lærte oss sine barneleikar som norkse barn fekk vere med på. Dette var svært vellukka. Vi har også hatt eit skriftspråk-prosjekt der Per Sivle sin kjende song "Den fyrste song" vart skriven på veggene med mange ulike skriftspråk, og på ulike språk. Eit talande bilede på mangfald.

Andre eventuelle kommentarer til temaet: (I kva grad har museet si rolle i kulturminnevernet blitt styrkt i planperioden)

Modningsprosesser i lokalmiljøet - en bedre forståelse med hensyn av vern og bevaring av det helhetlige bygnings og kulturmiljøet
Baroniet rosendal
Kulturminnevern utgjør ein svært stor del av museet sitt virke. Museet har mange på studietur til oss og er med i nettverk/styre
Nasjonalt og internasjonalt på våre tema innan kulturminnevern.
Vi gjer oppdrag for andre i heile landet og har samarbeid med næringslivet om "deira" kulturminne.
MiH har fleire fellestenester utanom Fellesmagasina retta mot kulturminnefeltet både innanfor samlingsforvaltning/museumsspørsmål, bygningsvern og teknisk og industrielt kulturminnevern. KIN har drive eit omfattande arbeid med rådgjeving mot private og forvaltninga i alle kommunane i Nordhordland innan bygningsvern og samlingsforvaltning. Det er påtrykk frå andre kommunar i Hordaland som er blitt kjent med tenesta og som ønskjer det same tilbodet. Her er det grunnlag for å utvide fellestenesta til fleire kommunar.
Felleskonservatoren for tenisk og industriell historie driv ei omfattande teneste mot frivillige lag og organisasjonar innan teknisk og industrielt kulturminnevern med kursing og rådgjeving i Bergen kommune. Tenesta er ikkje fullfinansiert men har så langt kunna trekkja på ressursar frå MiH.
Økte midler til fartøyvernarbeidet vårt.
Samarbeid på tvers av avdelingene i Hardanger og Voss museum har styrka kulturminnevernet.
Spørsmålet er ikke relevant for kunstmuseene. Vi har ingen spesiell rolle i kulturminnevernet ut over å ta vare/styre komponisthjemmene.
Gjennom samordning av både samlingsforvaltning og bygningsvern har vi fått en større faglig tyngde i vårt kulturminnevern. I midlertid har vi ikke sett en realvekst i frie midler til å kunne sette inn de ressursene vi faktisk mener er nødvendig for å gjøre dette på en tilfredsstillende måte.
Aktiv deltakelse i Riksantikvarens verdiskapningsprogram PIN og Tradisjonsfisk
Ivaretaking av immaterielle kulturminne har auka i stor grad, eller ikkje så store endringar.

Kan du gje eksempel på dette? (I kva grad har museet gjennom sitt arbeid/formidling sett saker på dagsordenen i sine omgjevnader)

Vernekampen for kulturlandskap, kulturprogram med rekken av konserter, teater, utstillinger og foredrag, betydelig reiselivsbedrift med ca 50,000 besøkenede
For eksempel gjennom utstillingen BÅTFOLKET satt fokus på båtflyktningenes kår.
Mange avisoppslag viser at museet er aktiv i forhold til historie, kulturminnevern og formidling.
Museet skaper debatt om desse tema. Museet er nytta av kommune og bransje i utforming av planar som stadanalyser, dokumentasjonsprosjekt, arrangement med fagkunnskap og materiale (foto, teikningar, historie).
Museet bidrar til at det blir tatt omsyn til bevaring og gjenbruk av kulturarv. Museet bidrar til at bygg og anlegg ikkje blir rive men får leva vidare gjennom ny bruk. Mange bygg - mange vellukka prosjekt trass i motstand i starten og undervegs.
Gjennom utstillinga "Sjekk det håret" vart det med sett fokus på ulikskaper i samfunnet. Fokus på kulturminneregistrering ved Osterøy
Museum "Kvardagsspor i landskapet" der frivillige er med å registrerer kulturminne. dette aukar folk sitt medvit om bevaring av kulturminne og kulturarv. MiH planlegg å gjennomføre eit fellesmøte til hausten, for alle som bur i Salhus, der tema vil vera kva det vil sei å bu i eit område som er spesialregulert til vern.
Vi definerer her begrepet "å sette på dagsorden" som å skape debatt i det offentlige rom. (media - politisk osv)
Vi setter gjennom våre utstillinger fokus på mange aktuelle problemstillinger.
Diskusjon om Oslo/Bergen i diskusjonen om organisasjonsmodellen for Nasjonalmuseet. Klassekampens "Look to Bergen" er et godt eksempel.
Mange av våre utstillinger, f.eks. Skolehjemmutstillingen, Miss Landmine, Hadamar-utstillingen, misjonsutstillingene som alle har resultert i mange medieoppslag og debatt.
I forbindelse med høringsuttalelse for Bergen havn aktiviserte MV seg aktivt i pressen og introduserte forslag til framtidig bruk av Kristianholm MV er meget aktiv i bygningsvern og framtidig bruk av sjøfront knytta til Sandviken. MV har vært med i interimstyret i etablering av Visningssenter for Akvakultur i Øygarden
I samarbeidet med t.d. Nynorsk barneliterurfestival= i arbeidet med Olvikjubileet og samrbeidet med lokale aktører innan naturmedisin/alternativ behandling= konservator som aktiv og viktig part i utarbeiding av ny gågate/borggate i sentrum= artiklar i lokalavisa om historia til stadar som no er i endring=
bygningsvernkonsulenten tek opp saker som gjeld riving eller vern i lokalmiljøa, etc.

Kan du gje eksempel på saker de har vorte kontakta om? (I kva grad vert museet kontakta, til dømes av media, for å koma med faglege kommentarar/innspeil i samfunnsdebatten)

Vernekampen
Har blant annet medvirket i en stor TV-produksjon (NRK) om norsk skipsfart i fortid, nåtid og fremtid. Kontaktet av NRK i diverse spørsmål vedr. sjøfart.

Kulturminne som ressurs.
Bevarings-/ravingsaker.
Reiseliv - nye typar aktivitetar knytt til historie, menneske, kulturlandskap.
Vassdragsvern.
Debatt om verdsarv.
Plansaker.
Utvikling av regionen - potensiale og utfordringar
Det måtte vera i samband med fordeling av statlege og regionale midlar til musea.
eks- om sikkerhet på sjøen, vedlikehold osv.
- se over. Innkjøp, drift av kunstsamlinger osv
Generelle kulturpolitiske spørsmål, bygningsvern og sjøboder, utvalgssamfunnet
Brannene i Sandviken Bevaring og sikring av kulturminner
Stadnamn, gatenamn, slektsnamn, førespurnad om gjenreising av verneverdige hus som kommunen har rive
men lagra= synspunkt på endringar av historiske hus som eigar vil endre, bruk og opprusting av ei friluftsscene
som ligg i Museumsparken, der gamle foto er komne fram= etc.

Har du andre innspel til temaet musea som frie samfunnsaktørar?

Museet har latt seg inspirera av økomuseumstanken og filosofien til Arne Næss samt tradisjonen med dialog og at folk flest skal bidra til å ta vare på sin eigen historie gjennom innsamling av foto, arkiv og gjenstandar. At samfunnet er museet og museet er aktiv i dagens samfunn med sine tilsette som hjelparar/veglearar. At kulturminne skal takast vare på i sitt rette miljø og dokumenterast i tid, rom og sosial dimensjon.
Musea sit i dag på spesialkompetanse innna mange felt og burde kunne involvere seg i samfunnsdebatten i sterkare grad enn det som er tilfelle i dag. Eg reknar med at det vil ta tid å innarbeide ei haldning til dette og at ein på sikt truleg vil kunna bli ein aktør. Musea meiner eg også bør kunna nytta kompetansen sin tiol å fungere som regional utviklingsaktør i samarbeid med andre aktørar i regionen.
MiH har tatt initiativ til å dra i gong arbeidet med eit senter for ikkje-materiell kulturarv i Nordhordland der ein vil samarbeide med kommunane, regionrådet, skulane, frivillige lag og organisasjonar, privat næringsliv m.fl. Eg trur at dette vil vera positivt for regional utvikling i denne regionen. Museet har som regel ikkje sterk økonomisk interesse av å dra i gong slike tiltak men gjer det for å sikre vidareføring av den ikkje-materielle kulturarven på vegne av kommande generasjonar. Dette set musea i ein særleg posisjon som igongsetjar og initiativtakar. Eg trur musea generelt har stor tillit blant folk flest og at dette gjer at det er lettare å få til samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa. Dersom musea fekk tilført ekstra ressursar til å arbeida med regional utvikling knytt til spesialkompetanse deira, så ville resten av tiltaksapparatet knytt til regional utvikling bli styrka særleg innanfor området kulturbasert næring og reiseliv. Det er viktig at museene er fristilt eiere, sponsorer osv. i forhold til meningsinnhald i våre utstillingar etc.
Museene bør spille en rolle i den offentlige debatten i forhold til å kunne gå dypere inn i problemsillinger og belyse dem fra ulike vinkler.
MV er aktiv i prosjekter knytta til krigshistorien eks.= SABORG.
Vi kan i større grad ha dette i mente, og arbeide bevisst for å markere oss. Vi vil lage oss ei liste internt over saker som vi bør engasjere oss i framover, i alle kommunane vi dekkjer. Her må vi samarbeide med lokale partar som også er engasjerte i lokalhistorie og kulturminnevern. I tillegg får formidlarane stadig spørsmål om å granske fortida i høve store jubileum, og framstille den på ny gjennom teater og forteljing. Ei slik rolle gjer oss faktisk til samfunnsaktørar, ved at vi kan binde fortid og notid og framtid saman, ved vår tolking av fortida, og måten vi knyter den til notida på.

Andre eventuelle kommentarar til temaet: (I kva grad har museet utvida bruken av IKT i formidlinga i planperioden)

Vi ser for oss ei framtid er vi gjennom IKT og meir som biblioteka skal kunna samkøyra program for foto, arkiv og gjenstand slik at det er brukarvenleg og ressursparande.
Vi ynskjer å setja av meir ressursar til digitalisering og formidling via nett. Museet er i gang med eit pionerprosjekt på oppdrag frå NVE som er krevjande. Prosjektet har barn/unge som målgruppe og heiter vasskrafta.no.
Museet har eit oppdrag frå TICCIH som gjeld registrering til organisasjonen sin nettstad vedk. dokumentasjon/registrering av vasskraftanlegg og tilknytta kjemisk industri frå pionerperioden globalt. Dette er kostbart og burde vore vurdert som ei fellesteneste for musea.
Har feks laga nettutstillingane "Hardingfela i tid og rom" og "resturering fra A til Å"
Systematisk bruk av nettstedet bymuseet.no til både informasjon, formidling og dokumentasjon.
Bruk av nyskapende og avansert IKT i utstillingar, spesielt i Holbergutstillingen. Dette gjeld fyrst og fremst Utarbeiding av nettside, oppstart av PRIMUS, og oppstart av digitalisering av Kannelønning si biletsamling.
For biletsamlingane har vi hatt arbeidshjelp frå NAV til scanning, men ser at vi treng profesjonelle fotografar til å utføre bearbeidinga av bileta, etter scanning. Til dette arbeidet må vi søke ekstra midlar.

Kor står museet i dag i forhold til PRIMUS?

Ikkje starta-samlinga er registrert på 60 tallet.

Vi holder per i dag på med å legge inn gjenstands- og billedkatalogen. Vi er ferdig med digitaliseringen av fotosamlingen.

Er tatt i bruk MiH er gjennom Bevaringstenestene ansvarleg for brukarstøtte og kursing for alle musea i fylket. Når det gjeld eigne samlingar så er arbeidet med registrering i PRIMUS i gong. Totalt er det registrert 13 910 gjenstandar per april 2009. Antal gjenstandar totalt i MiH er stipulert til 116 531 og av desse er 100 000 gjenstandar ved Norsk Trikotasjemuseum. Det er kun tre avdelingar som har gjenstandar (Osterøy Museum, Havråtunet og Norsk Trikotasjemuseum).

Alt Win regimus materialet er konvertert, og man går igjennom registreringene for å fylle ut og oppdatere dem. Nesten alle avdelingene har starta dette arbeidet.

Primus blir brukt som Kunstmuseenes registreringsverktøy, og vi bruker Primus nett.

En del av fylkets rammeavtale for drift av PRIMUS.

Museum Vest benytter utelukkende PRIMUS i registreringsarbeidet av både foto og gjenstander.

Museet regner seg etter som erfaren bruker av PRIMUS

Vi er ikkje komne så langt som vi ynskjer. Stort sett blir arbeidet utført av midlertidig arbeidskraft som vi hentar frå NAV sine ordningar, men dette blir ustabil i lengda, og arbeidet kan ikkje planleggast. Her ser vi etter betre løysingar.

Andre eventuelle kommentarar til temaet: (I kva grad er samlingane totalt sett meir tilgjengelege for publikum i dag enn då planperioden starta)

Manglar ressursar til digitalisering og formidling.

Mye av våre ressursar går til sikring av materiale som er i ferd med å gå tapt/gløymt/kasta

